

HANDLINGSPLAN

MOT VALD I NÆRE RELASJONAR



Nokre barn, unge, vaksne og eldre blir utsett for vald frå menneske som eigentleg skulle kunne gje dei tryggleik. Mange er redde der dei skulle vore trygge, nemleg i familien, i heimen eller på institusjonen.

Målet er at alle heimar skal vere arenaer for tryggleik og omsorg – frie for vald. Vinje kommune skal jobbe tverrfagleg mot vald i alle samanhengar.



Vinje Kommune 2016-2019

1. Innhald

1. Innleiing
- 1.1 Visjon og mål
- 1.2 Bakgrunn
- 1.3 Kopling til andre kommunale planar
- 1.4 Evaluering av plan og tiltak
- 1.5 Nasjonale føringar
- 1.6 Kommunens ansvar

2. Kunnskapsgrunnlaget

- 2.1 Status/situasjon
- 2.1.1 Vald i barns oppvekstmiljø
- 2.1.2 Vald i institusjonar
- 2.1.3 Vald i samfunnsperspektiv

3. Kompetanse og samarbeid

- 3.1 Tenestetilbod og kompetanse
- 3.2 Samhandling/samarbeid

4. Førebygging og synleggjering

- 4.1 Førebyggingsnivå
- 4.2 Nasjonale føringar
- 4.3 Kven er sårbare?
- 4.4 Utfordringar og behov i kommunane
- 4.5 Kunnskap og bevisstgjerjing
- 4.6 Vald mot personar med nedsett funksjonsevne
- 4.7 Vald mot eldre

5. Tiltaksplan og hovudplan

- 5.1 Hovudmål
- 5.2 Handlingsregelen
- 5.3 Skjematisk tiltaksplan 2015-2019 med tiltak, tidsrammer og ansvar
- 5.4 Prosedyrar ved mistanke om eller faktisk avdekking av vald i nære relasjonar

6. Melde frå til barnevernet – for privatpersonar og offentlege tilsette

7. Planens økonomiske konsekvensar

Lenker og referansar



Vinje Kommune

Handlingsplanen er utarbeidd av ei administrativt nedsett tverrfagleg arbeidsgruppe med desse medlemmane:

Haldis Romtveit, barnehagelærer, Rauland barnehage
Live Vinjerui Lid, tannlækjar, Tannhelsetenesten
Signe Bråstøyl, helsesyster,
Anne Marie Loftsgarden, rådgjevar helse og omsorg
Synnøve Bratland, Barnevernsamarbeidet i VT
Baiba Sheine, politikarrepresentant
Anders Sandvik, leiar, ass. rådmann

Arbeidsgruppa vil seinare bli omtalt som ressursgruppa.
Andre fagpersonar vil også delta i denne gruppa.

I. Innleiing

Vald og overgrep i nære relasjonar har no i fleire år vore eit prioritert område på nasjonalt nivå. Gjennom handlingsplanen «Et liv uten vold» (handlingsplan mot vold i nære relasjonar 2014-17) oppmoda Stoltenberg-regjeringa kommunane sine politikarar og hjelpeapparat til å lage handlingsplanar for å førebygge vald i nære relasjonar, og å gje betre tilbod om hjelp til dei som vert utsett for vald og dei som er valdsutøvarar. Å førebygge vald i nære relasjonar krev samarbeid på tvers av sektorar og fagmiljø. Kompetanseheving, openheit og samhandling på tvers av sektorar ser ut til å vere sentrale verkemiddel i kampen mot vald. Berre det å løfte fram temaet frå å vere eit tabuområde vil i seg sjølv verke preventivt.

Vald - eit alvorleg samfunnsproblem

I 2013 vart meir enn 26 900 valdslovbrot politimeldt i Noreg. 7 300 var truslar, og nesten 19 000 tilfelle var fysisk vald – av desse var nesten 11 800 mishandling. I tillegg vart det meldt over 2 800 tilfelle av mishandling i familieforhold, der dei aller fleste av desse var fysisk mishandling, og 51 var grov mishandling.

Nesten 6 % av aldersgruppa 16-24 år – med klar overrepresentasjon av menn – opplevde i 2012 å bli utsatt for vald. Jo eldre man er, desto mindre risiko er det for å bli voldsoffer, og blant dem i alderen 67 år og eldre er det i Levekårsundersøkelsen 2012 kartlagt svært få voldsoffer.

Kjelde: SSB

I handlingsplanen «Et liv uten vold» vart kommunale handlingsplanar halde fram som viktige reiskap for å sikre offer for vald godt tilrettelagde og heilskaplege tilbod. Målet er å:

- **sette temaet på dagsordenen**
- **samordne og tydeleggjere ulike verksemders bidrag og ansvarsområde**
- **auke kompetanse og kunnskap gjennom samarbeid**
- **førebygge og minske den lidinga valden fører med seg**

Det er ikkje noko lov som direkte krev at kommunane har handlingsplanar, men fleire lover er på ulike vis viktige. Dei seier at kommunane skal ha bestemte tenester og tilbod, og dei gjev folk rett til bistand. Dei viktigaste lovene å trekke fram i denne samanhengen er [Lov om kommunale krisesentertilbud](#), [Lov om folkehelsearbeid](#), [Helse- og omsorgslova](#), [Helsepersonellova](#) og [Lov om barneverntenester](#)

Vald i nære relasjonar er ekstra vanskeleg å oppdage. Difor skal handlingsplanen bidra til å skape ein kultur for å bry seg og å bry seg om. Slik kan samfunnet vårt stå saman om å få stoppa valden og hindre ny vald. Auka fokus skal gje overgripingar og valdsutøvarar mindre høve til handle uforstyrta med låg risiko for å bli oppdaga. Me veit at mange av desse eigentleg ynskjer hjelp til å kome ut av negative og øydeleggjande mønster.



1.1 Visjon og mål

Visjon:

*Alle i Vinje skal ha ein trygg og sikker kvardag
– Vald er ALDRI ei løysing!*

Hovudmål:

- Alle som bur, lever og arbeider i VK skal kjenne til arbeidet mot vald i nære relasjonar
- Me skal identifisere offer for vald i nære relasjonar og sikre dei naudsynt hjelp og beskyttelse
- Me skal ha kunnskap og kompetanse i hjelpeapparatet både i høve til valdsutsette og valdsutøvarar
- Me skal ha eit tett tverrfagleg samarbeid mot vald i nære relasjonar i heile VK

Hovudmålsettinga er å avdekke, førebygge og hindre helseskade i samband med valdsutøving i nære relasjonar. Prosedyrar og rutinar skal forklare korleis tilsette i Vinje kommune skal reagere når dei får mistanke om vald, slik at dei kan setje i verk tiltak for å avgrense skadeverknadene og dessutan verke preventivt mot ny vald. Heile kommunen skal gjere eit krafttak mot vald i nære relasjonar.



1.2 Bakgrunn:

I arbeidet med planen er regjeringa sin handlingsplan «Et liv uten vold» og ”Ny veileder for kommunale handlingsplaner mot vald i nære relasjonar -2013” viktige verktøy. Veilederen er utarbeidd av Nasjonalt kunnskapssenter

om vold og traumatisk stress. Det er også tatt utgangspunkt i Lenvik kommune sin «Handlingsplan mot vold i nære relasjonar 2012-2016» og Interkommunal handlingsplan for Aurskog-kommunane. Dialog med ulike faginstansar står sentralt i planprosessen. Ei tverrfagleg samansett arbeidsgruppe har utarbeidd denne handlingsplanen gjennom faglege diskusjonar, søk i kjelder på SSB, Internett og aktuell faglitteratur. OVU i VK har fått undervegsinformasjon frå arbeidet og vedtok å informere og forankre handlingsplanen med vedtak i nytt kommunestyre hausten 2015.

*«I tillegg til de store konsekvensene for den enkelte, har vold i nære relasjonar også store samfunnsøkonomiske kostnader i form av økt behov for hjelpetiltak i skolen, psykisk og fysisk helsehjelp, barneverntiltak samt hjelp fra krisesentertilbud, sosialhjelp og økte behov for politiresurser.»
(Et liv uten vold, s. 4)*

1.3 Kopling til andre kommunale/interkommunale planar:

Ein bør sjå planen i relasjon til andre planar i kommunen, men han er ikkje i utgangspunktet tenkt som ein del av ein kommunedelplan. Det kan likevel takast opp att til drøfting ved seinare høve. Planen må også sjåast i relasjon til samhandlingsreforma og helselovgivinga. St.meld. nr 47 (2008 2009)
”Samhandlingsreforma – rett behandling – på rett sted– til rett tid” som fremjar kommunane sitt ansvar for helsefremjande og førebyggjande arbeid. Planen bør òg gå hand i hand med kommunens SLT-plan. Rus kan ofte vere eit vesentleg element i samband med vald i nære relasjonar. Ein kan tenkje seg at dette arbeidet vil bestå av en kartleggingsfase som endar opp med ein tiltaksplan. I ein eventuell tiltaksplan vil kopling til handlingsplanen for vald i nære relasjonar vere naturleg.

1.4 Evaluering av plan og tiltak

Planen skal vere forankra gjennom politisk vedtak i kommunestyret. Planen er utarbeidd for en fireårsperiode. Han skal rullerast etter fire år – i 2019. Kvart tiltak som vart sett i gang skal evaluerast fortløpande eller seinast ved utløp av oppstartsessemester. Ressursgruppa evaluerer planen i desember kvart år og kjem med endringsframlegg ved utgangen av planperioden.

1.5 Nasjonale føringer

Eitt av måla for regjeringas handlingsplan «Et liv uten vold» er å lyfte tilbodet til offer for vald i nære relasjonar opp på den politiske dagsorden i kommunane. «Et liv uten vold» framhevar at det er naudsynt å ha ein lokal handlingsplan for å kunne gje valdsutsette eit forsvarleg tilbod. Vidare går det fram frå planen at styrking av samarbeidskompetansen og kunnskapen i hjelpeapparatet må stå sentralt i utarbeidinga av lokale handlingsplanar:

”bedre samarbeid mellom myndighetene og andre aktører som møter den voldsutsatte, er av vesentlig betydning for at det skal kunne gis nødvendig hjelp og støtte”.

Talet på registrerte offer for mishandling i familieforhold har auka frå 2010 til 2013, med over 30 prosent. Dette har skjedd fordi fleire barn og ungdom vart registrert som offer i saker med familievald.

I 2010 vart det registrert i alt 1 000 barn og unge i alderen 0-19 år i denne typen saker, og i 2013 var talet i denne aldersgruppa nesten dobla – til 1 900. Blant desse er det om lag like mange gutar og jenter.

Talet på politimelde overgrep mot barn har auka med nesten 20 prosent samanlikna med 2013.

Politiet har registrert 587 meldingar for seksuell omgang med barn under 16 år i første halvår av 2015.

Kjelde: SSB, Samfunnspeilet 5/2014

1.6 Kommunen sitt ansvar

Etter norsk lov har kommunen plikt til å gje sine innbyggjarar, også valdsoffer eit forsvarleg tilbod. I høve til kommunale tenester er lov om kommunale helse- og omsorgstenester, samt barnevernslova sentrale rettslovar.

Vidare gjev forvaltningslova utfyllande reglar om kommunen si opplysnings- og rettleiingsplikt. Etter Lov om kommunale helse og omsorgstenester samt Lov om barneverntenester pliktar kommunen å ivareta ei rekke formål.

I høve til lov om kommunale helse og omsorgstenester § 1-1, er lovens formål:

1. Førebygge, behandle og legge til rette for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne
2. Fremje sosial tryggleik, betre levevilkåra for vanskelegstilte, bidra til likeverd og likestilling og førebygge sosiale problem
3. Sikre at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og ha ein aktiv og meningsfylt kvardag i fellesskap
4. Sikre tenestetilbodet sin kvalitet og likeverdig tenestetilbod



5. Sikre samhandling og at tenestetilbudet blir tilgjengelig for pasient og brukar, samt sikre at tilbudet er tilpassa den einaskilde sitt behov
6. Sikre at tenestetilbud vert lagt til rette med respekt for den einaskilde sin integritet og verdigheit
7. Bidra til at kommunen sine samla ressursar til valdsutsette vert utnytta best mogleg

Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg i rett tid, samt bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, jf. lov om barneverntenester § 1-1. Etter desse lovene har kommunen eit ansvar for å fylgje opp at lovens føremål blir teke vare på ovafor valdsutsette vaksne og barn.

2. Kunnskapsgrunlaget

Vald i nære relasjonar kan ein best forstå gjennom at ein part i eit nært forhold kontrollerer, dominerer og audmjukar den andre gjennom fysiske, psykiske, seksuelle og/eller finansielle handlingar.

Vald er alle handlingar retta mot ein annan person som skadar, skremmer, krenkjer, får den andre personen til å gjere noko mot si vilje, eller sluttar å gjere noko ein vil.



Nære relasjonar: Inkluderer noverande eller tidlegare ektefelle/samboar/kjæraste, barn, sysken, biologiske-/adoptiv- eller fosterforeldre, ste-relasjon, foreldre, pasient, medpasient, hjelpar, ven mm.

Vald i nære relasjonar kan dreie seg om mange ulike konstallasjonar:

- Kjærastevald
- Partnarvald
- Vald mot eldre
- Vald mot born
- Vald mot tilsette
- Vald mot medpasientar
- Born som vitne til vald
- Tvangsgifte
- Kjønslæmlesting
- Menneskehandel
- Valdtekt
- Anna vald

2.1 Status/ situasjonsbeskriving

Vald i nære relasjonar inneber alt frå einaskildhendingar til langvarig omfattande mishandling. Den rammar born, kvinner og menn i alle aldrar og både kvinner og menn kan vere valdsutøvarar. Kvinner er i større grad enn menn utsett for den mest alvorlege valden. Det dreier seg ofte om vedvarande bruk av psykisk og/eller fysisk vald som inngår i eit omfattande makt- og kontrollregime. Det er difor viktig å ha fokus på menn sin vald mot kvinner.

Vald i nære relasjonar :

- Har inga aldersgrense
- Inneber krenking på mange plan
- Rammar hardt og har alvorlege følgjer for den/dei som opplever den eller er tilskodar
- Rammar born direkte eller gjer born til uskuldig tredjepart

29 % av meldingane til barnevernet i Vest-Telemark dei 10 fyrste månadane i 2015 handla om barn som var vitne til vald eller opplevde vald eller seksuelle overgrep.

41% av desse meldingane medførte at barna var på tilrettelagde avhør ved Barnehuset.

5% av meldingane handla om at ein forelder hadde utøvd vald mot 3. person.

Kjelde: Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark



2.1.2 Vald i institusjonar:

Vald frå medpasientar/brukarar ved institusjonar har i seinare tid fått fokus gjennom at det er avdekkja fleire alvorlege valdsepisodar der medpasientar blir utsett. Andre aktuelle temaområde knytt til dette er vald mot pasientar/brukarar frå tilsette og vald mot tilsette frå pasientar/brukarar.

Pleie og omsorgstenestene kan ofte vere eit område der tenestene blir utført åleine av ein tilsett opp mot ein pasient/brukar og er difor sårbare situasjonar. Desse områda bør ein sjå spesielt på ute på den einskilde eininga der dette er aktuelt.

2.1.3 Vald i eit samfunnsperspektiv:

Vald i nære relasjonar er eit alvorleg samfunnsproblem. Forsking viser at slik vald er eit samansett fenomen og spenner frå einskildhendingar til langvarig og omfattandemishandling. Denne typen vald er særskilt underkommunisert og av den grunn vanskeleg å identifisere.

Det er viktig å understreke kor viktig avverjeplikta er. Denne plikta er heimla i straffelova § 139 som seier alle har ei plikt til å avverje eller hindre straffbare handlingar.

Tal frå overgrepsmottaket ved Skien legevakt

2012: 33 saker

2013: 41 saker

2014: 37 saker

2015: 36 saker

Ein må ta utgangspunkt i at Vinje har same utfordringar som andre kommunar i fylket.

2.1.1 Vald i born sitt oppvekstmiljø:

Me har ganske mykje kunnskap om skadeverknadene born får av å oppleve vald i heimen. Noreg har knytt seg til FN sin barnekonvensjon og er forplikta til å beskytte born mot alle former for vald. Arbeidet med å beskytte born mot vald og overgrep skal ha høg prioritet.



3. Kompetanse og samarbeid:

3.1 Tenestetilbod og kompetanse:

Tenestetilbodet er bygd opp kring den kompetansen som me har i Vinje kommune på fleire ulike fagfelt og hjå einskildpersonar. Det er dessutan konsensus om at me må skaffe oss ekstern kompetanse gjennom avtaler og samarbeid med eksterne aktørar, som i ulike faginstansar og krisesenter for både kvinner/ born og menn og i tillegg tilbod til valdsutøvarar. Ved behov dekker kommunen skyss til krisesenteret.

3.2 Samhandling/samarbeid

Kommunale /interkommunale handlingsplanar er verkty som skal bidra til å gje offer for vald i nære relasjonar eit tilrettelagt tilbod. Gjennom å bli integrert i kommunen sin ordinære plan og styringssystem bidrar de til å sette temaet/ innsatsområdet på dagsordenen samt at den samordnar og tydeleggjer dei ulike verksemdar sine bidrag og ansvarsområde. Sist, men ikkje minst skal handlingsplanen på denne måten bidra til å styrke kunnskapsgrunnlaget ved at det vert oppretta samarbeid mellom sektorar, faggrupper og forvaltningsnivå.

4. Førebygging og synleggjering

4.1 Førebyggingsnivå

Førebygging i kommunane i dag skjer på fleire nivå. Ulike omgrep er knytt til dette, og me snakkar gjerne om primær/universell, sekundær/ selektiv og tertiær/indikativ førebygging.

Det fyrste nivået er grunnleggjande førebyggingstiltak retta mot heile befolkninga. Det andre nivået rettar seg mot tiltak i identifiserte risikogrupper. Det tredje nivået er på individnivå – einskildpersonar som allereie har utøvd eller har vore utsett for vald i nære relasjonar. På dette nivået er målet å stoppe



valden, avgrense konsekvensane, hindre forverring og snu utviklinga.

4.2 Nasjonale føringer

Den nasjonale handlingsplanen «Et liv uten vold» legg vekt på at det fyrst og fremst er behov for å auke innsatsen på primærførebyggjande tiltak, t.d. rusførebygging og likestillingspolitiske strategiar.

Folkehelselova seier at kommunane skal ha oversikt over folkehelseutfordringane sine. Under dette inngår også vald i nære relasjonar.

I Akuttmedisinforskrifta nr. 231 om krav til og organisering av kommunal legevakt, ambulanseteneste, medisinsk naudmeldeteneste mm. er det stilt krav om at alle som deltek i legevakt skal gjennomføre kurs i vald og overgrepshandtering. Kravet skal ha ei overgangsordning på 5 år.

Primærhelsemeldinga slår fast at det i løpet av 2015 vil bli sett i gang eit arbeid med å vurdere om helseovgjevinga bør tydeleggjere helse- og omsorgstenestas ansvar på systemnivå for å bidra til å avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep. Det vil også i løpet av 2015 bli sett i gang eit arbeid for å klargjere helsepersonell si opplysningsplikt til barnevernet i helsepersonellova.

4.3 Kven er sårbare?

I utgangspunktet er alle sårbare. Vald i nære relasjonar finns i alle samfunnslag og miljø. Det er fleire faktorar som verkar inn på kor utsette menneske er for vald, korleis dei opplever vald og deira høve til å kome seg ut av valdelege situasjonar. Det kan t.d. vere kjønn, alder, sosioøkonomisk bakgrunn, fysisk og psykisk funksjonsevne, seksuell orientering og kjønnsidentitet/kjønnsuttrykk. Forhold som graviditet, rus og migrasjon kan også spele ei rolle. Faktorane kan verke saman og bidra til å auke sårbarheten til den einskilde.

Barn er særleg sårbare. Det same er personar med nedsett funksjonsevne og eldre. I kommunen må me ha strategiar for å oppdage og handtere vald mot desse gruppene, og me ynskjer å involvere pårørande og tilsette i basisopplæringa.

4.4 utfordringar og behov i kommunane

Målet med kommunalt/interkommunalt samarbeid er å lære av kvarandre sine tiltak og tilbod, og utnytte den fagkompetansen som allereie finst – også på tvers av kommunane i vår region.

Under har me samla nokre av ynskja og behova som me ser i ulike faginstansar i Vinje kommune. Administrasjon og kommunestyret må ha fokus på dette i tida som kjem:

- Me manglar til ein viss grad førebyggjande tiltak når det gjeld vald mot eldre og personar med funksjonsnedsetting

- Me treng auka merksemd om risikofaktorar og på motsett side faktorar som gjev auka tryggleik
- Opplæring i kva me skal sjå og spørje etter
- Rutinar for å melde ifrå vald og overgrep mot vaksne og eldre
- Utarbeide rettleiar for korleis me skal handle ved mistanke om vald
- Team som skal møte meldingar om vald og setje i verk tiltak
- Tverrfagleg samarbeid -førebyggjande og støttande
- Samarbeid med eksterne aktørar
Som til dømes Kriesesenteret i Telemark, BUP, NKVTS m.fl

4.5 Kunnskap og bevisstgjerung; Du ser det ikkje før du trur det

Tiltak som gjer valden synleg har ein bevisstgjerande og førebyggjande effekt. Kommunen har eit etablert samarbeid på tvers av barnehagar, skular, andre kommunale tenestar og eksterne partnarar. Me ser likevel behov for å styrke og forbetre dette samarbeidet.

Kartlegginga vår viser at me har eit behov for å synleggjere kva rutinar og tiltak dei ulike fagfelta har, slik at me veit kvar me kan hente ulik kompetanse. Ein felles handlingsplan vil truleg minske avstanden mellom tenestane og føre til ei meir heilskapleg behandling av både valdsutøvarar og dei som blir utsette for vald.

Det fyrste steget i prosessen med å førebygge ny vald og å hjelpe dei som er utsette, er å bli i stand til å identifisere valdsutsette. Kompetanse gjev tryggleik til å handle. Kunnskap om omfang av valden, årsakar og konsekvensar skal sikre at tilsette som kjem i kontakt med valdsutsette kan gje god og målretta hjelp.



Førebygging og synleggjering kan skje på mange arenaer, t.d. gjennom

- Undervisning, rettleiing, kunnskapsformidling og informasjon
- Hjelpetiltak/behandling/sjølvhjelp/megling
- Haldningskampanjar, informasjonsmateriell

Arenaer for kunnskapsformidling kan vere

- Helsestasjonane
- Barneverntenesta
- PP-tenesta
- Barnehagane
- Skulane, SFO, foreldremøter, FAU
- Tenestar for funksjonshemma
- Jordmødrene
- Psykisk helse for vaksne
- Fastlegane
- Vaksenopplæring
- Tannlegar
- Institusjonar for eldre
- Heimetenestar
- NAV
- Kommunestyret
- Media

4.6 Vald mot personar med nedsett funksjonsevne

Personar med nedsett funksjonsevne kan vere sårbare og er avhengige av at nærstående personar eller tilsette i hjelpetenestane oppdagar og rapporterer om vald og overgrep.

Undersøkingar viser at det generelt i kommunane er lite fokus på, og kunnskap om, tilbodet til personar med nedsett funksjonsevne som er utsett for vald.

Tilsette som jobbar med personar med nedsett funksjonsevne skal få naudsynt kunnskap til å kunne oppdage vald og til å kunne fylje opp personar som er utsett

for vald og overgrep. Her trengs basisopplæring/rettleiing for alle tilsette, slik at alle har felles oppfatning av problematikken og tiltaksplanane.

4.7 Vald mot eldre

Overgrep mot eldre syner seg å vere eit vanleg, men skjult problem, både på institusjonar og i private heimar. Temaet er knytt til skam, særskild fordi overgriparen som regel er ein person den eldre kjenner og har tillit til. Eldre er sårbare, søker sjeldan hjelp og trur ofte dei sjølv er skuld i situasjonen. Mange vegrar seg for å melde personar som står dei nær, då dei ofte har eit avhengighetsforhold til dei.

Organisasjonen «Vern for eldre» estimerar at vald mot eldre gjeng føre seg i 2-4% av befolkninga over 65 år. Organisasjonen får om lag 400 meldingar kvart år. Organisasjonen står bak ein kontakttelefon som gjev støtte, råd og rettleiing for eldre, og hjelpeapparatet rundt eldre. Både den valdsutsette og hjelpeapparatet rundt kan også søkje hjelpe hjå NKVTS, Nasjonalt kunnskapssenter for vold og traumatisk stress.

Vald mot eldre kan vere t.d. fysiske eller psykiske overgrep i samband med pengeutpressing. Støtteapparatet rundt eldre må kjenne til symptom som kan vekke mistanke om vald. Som eit av tiltaka i denne planen skal ein utvikle gode rutinar på institusjonane og i heime-sjukepleia / heimhjelpetenesta og tilsette skal delta i felles opplæring.



5. Tiltaksplan og hovudmål

5.1 Hovudmål

Hovudmål 1

Vald i nære relasjonar skal settast på dagsordenen. Ved å ha meir openheit kring temaet vil me kunne skape sosial aksept for å snakke om vald i heimen som eit alvorleg samfunnsproblem. Større openheit og kunnskap om kvar det er mogleg å få hjelp, vil også kunne bidra til at fleire oppsøker hjelpeapparatet. Ikkje minst vil truleg synleggjering gje beskyttelse til den svakaste parten i disse sakene – borna som vert ramma direkte eller indirekte.

Vår innsats skal ha som mål å få fleire til å melde ifrå om vald mot born, slik at borna får naudsynt hjelp og støtte. Me skal spreie informasjon og kunnskap i befolkninga om følgjene av vald mot born, slik at vald ikkje vert tolt. Skule og barnehage er viktige arenaer for å avdekke og rapportere om

vald. Tannhelsekontrollar og helsekontrollar likeeins. Det er viktig å etablere kunnskap om korleis ein kan avdekke vald og tiltak for å få slutt på valden.

Hovudmål 2

Kunnskap om valden sitt omfang, karakter og konsekvensar er ein grunnleggjande føresetnad for ei målretta førebygging av vald i nære relasjonar. Ein skal utvikle kompetansen hjå myndigheitar og organisasjonar som kjem i kontakt med valdsutsette gjennom opplæring.

Hovudmål 3

Vinje kommune skal legge til rette for hjelp og støtte for dei som er utsett for vald.

Både offentlege og private aktørar kjem i kontakt med personar som har vore utsett for vald i nære relasjonar. Samarbeid mellom myndigheitar og andre aktørar som møter valdsutsette og valdsutøvarar er viktig for at ein skal kunne gje hjelp og støtte. Samarbeidet må skje med kunnskap og respekt for kvarandre sine fagområde og ein må legge til rette for at regelverk ikkje blir til hinder for godt samarbeid. Dette kan ein oppnå gjennom betre organisering og fastare samarbeidsstruktur på alle nivå.



5.2 Handlingsregelen

Helsepersonell har eit sjølvstendig ansvar for å melde mistanke, eller avdekking av vald eller overgrep mot born direkte til barnevernet. For andre yrkesgrupper i Vinje kommune som ikkje har eit slikt ansvar i kraft av profesjonslovgjevinga, og for all mistanke og avdekking av overgrep og vald mot andre enn born, skal ein likevel kjenne seg forplikta til å melde ifrå dersom ein har mistanke om at nokon:

- er utsett for vald
- blir utsett for omsorgssvikt
- lever med vald

1. Når slik mistanke oppstår skal den tilsette snarast informere leiar dersom ikkje teieplikta hindrar ein i det (jf. fastlegar, helsesystrer og anna helsepersonell med sjølvstendig behandlingsansvar)

2. Saker som gjeld born skal drøftast anonymt med barnevernet, eller skriftlig bekymringsmelding på eige standardskjema underskrive av ansvarleg leiar. Helsepersonell har plikt til å melde mistanke om vald og overgrep mot born direkte til barnvernet.

3. Dette skal skje så raskt som mogleg etter at informasjonen er motteke, eller mistanka har oppstått. Leiar er ansvarleg for å sende



skriftleg stadfesting til den tilsette på at bekymringsmelding er sendt Barneverntenesta.

Når det gjeld vaksne offer må me tørre å seie ifrå til nærmaste leiar som må vurdere kontakt med politiet. For helsepersonell gjeld ikkje avgjerda om å melde frå til næraste leiar. Helsepersonell si teieplikt må vike for melding til politiet når liv og helse er truga.

5.3 Skjematisk tiltaksplan 2016-2019 med tiltak, tidsrammer og ansvar

Tiltak:	Tidsrom	Ansvar
HI - Å setje fokus på vald i nære relasjonar		
HI.1 Opplysningsarbeid på aktuelle arenaer /fagområde i heile kommunen – tema på avdelingsmøte	Hautst 16	Einingisleiarane som pådrivarar
HI.2 Alle tilsette i VK som i sitt virke møter brukarar må få auka kompetanse på fagfeltet vald i nære relasjonar	Oppstart vår 16	Einingisleiarane skal legge til rette for at alle får høve til kompetanse auke og tek denne i bruk
HI.3 Pilotprosjektet i Rauland barnehage skal stille spørsmål om vald til føresette til alle barn kvart år. Målet er at alle barnehagar og skular i Vinje skal inn i sama opplegget	Pilot- periode 2016-18	Rauland barnehage
HI.4 Årleg seminar for skular, barnehagar, helsepersonell, tannhelsetenesta og barnevern	Vår 16 Første gong 04.01.16	Ass. rådmann inviterer til tverrfagleg kurs

Tiltak:	Tidsrom	Ansvar
H1 - Å setje fokus på vald i nære relasjonar		
H1.5 Innarbeide haldningsskapande og førebyggjande informasjon i undervisninga i skulane	Vår 16 Deretter kvar haust	Skulesjefane
H1.6 Utvikle skjema for meldeplikt og teieplikt for alle nylitsette i VK, (jfr. Birkenes kommune)	Haut 2017	Organisasjonssjef
H2 - Kompetanseheving på fagområdet vald		
H2.1 Fagområdet må inn i VK sin kompetanseplan. Alle einingar er plikta til å vurdere behovet opp mot kompetanseplan. Dei som tek studier kan einingane bruke som ressurspersonar.	Vår 16 Deretter kvart 2. år	Einingsleiar har ansvaret for å sjå behovet opp mot kompetanseplan
H1.5 H2.2 Delar av Helse- og omsorg /tannhelse innarbeider rutinar knytt til ei "sjekklister" der ein tek opp temaet vald med alle foreldre	Vår 16	Tannhelsetenesta/ Helsesystemtenesta fylgjer nasjonale standardar
H2.3 Kompetanseformidling/-plan om vald i nære relasjonar til alle innbyggjarar i VK. Informasjonsbrosjyre om vald på heimesider og til alle heimar på fleire språk	Vår 16	Rådmann
H3 - Hjelp og støtte for utsette for vald		
H3.1 Gjere kjend kva apparat me har ved akutte situasjonar (politi, barnevern, legevakt, krisesenter og overgrepsmottak). Utarbeide ei liste over lokale og eksterne hjelpeinstansar	Vår 16	Einingsleiarane
H3.2 Alle einingar pliktar å utarbeide prosedyrar ved mistankar om vald. Alle tilsette i VK pliktar å gjere seg kjend med dei ulike etatane sine prosedyrar i arbeidet mot vald i nære relasjonar	Haut 16	Einingsleiarane skal dele med kvarandre i leiarmøte. Også gjennom Compilo
H3.4 Alle legar og sjukepleiarar som er knytt til legevakta skal ha kurs i vald og overgrepshandtering	5-årig overgangs- ordning frå 2015	Helse- og omsorgssjefen
H3.5 Alle tilsette i Vinje skal kjenne handlingsregelen og fylgje denne. Sjå eiga oppsett s. 11 i denne planen.	Oppstart vår 2016	Einingsleiarane

5.4 Prosedyrar ved mistanke om eller faktisk avdekking av vald i nære relasjonar

I løpet av 2016 skal Vinje kommune ha på plass prosedyrar og rutinar som skal hindre og avgrense skadeomfanget av vald. Einingsleiarar og rådmann skal legge til rette for at dette arbeidet får prioritet.

1. Prosedyre ved avdekking av vald/overgrep mot barn i barnehage- eller skulealder
2. Prosedyre ved mistanke om vald/overgrep eller vald mot barn eller unge
3. Prosedyre ved mistanke om eller vald/overgrep faktisk vald mot brukarar på helseinstitusjonar
4. Prosedyre ved mistanke om vald



6. Melde frå til barnevernet

Privatperson: Eg er uroa, kva gjer eg?

Dersom du er uroleg for om eit barn får god nok omsorg, bør du melde frå til barnevernet. Di melding kan vera viktig for barnet eller ungdommen det gjeld.

Du treng ikkje vera sikker på at noe er gale før du melder frå. Har du ei kjensle av at barnet ikkje har det bra, bør du kontakte barnevernet.

Det er barnevernet si oppgåve å vurdere korleis meldinga skal fylgjast opp. Di oppgåve er å syte for at barnevernet får vite om barn og unge som har det vanskeleg.

Dersom du melder frå, kan dette bidra til at barnet og barnet sin familie får den hjelpa dei treng. Dei aller fleste som får hjelp av barnevernet får hjelpa heime. Omsorgsovertaking skjer bare i dei mest alvorlege tilfella.

Kan du vera anonym?

- Når du melder frå til barnevernet, kan du melde frå med fullt namn eller vere anonymt.
- Du kan stå fram med namn både ovafor familien og barnevernstenesta. Då vil foreldra i saka bli informert om at det er du som melder.
- Du kan velje å melde inn saka anonymt, slik at verken barnevern eller foreldre veit kven som melder. Hugs at familien får moglegheit til å sjå meldinga, slik at dersom du til dømes skriv at du er tante til barnet, kan du lett bli kjent att.
- Du kan stå fram med namn overfor barnevernstenesta, men be om at dette ikkje vert gjort kjent for foreldra. Dersom du vel dette alternativet, vil anonymiteten kunne bli oppheva dersom barnevernstenesta fører sak om omsorgsovertaking, og saka må i retten.

- Dersom du ynskjer råd om du bør melde ei sak, kan du ta kontakt med barnevernet og diskutere saka anonymt.

Det er Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark som følger opp meldinga di.

Når du har sendt inn bekymringsmelding, skal barnevernet gjennomgå meldinga og vurdere om dei skal fylgje opp med ei undersøking, eller om den skal bli lagt bort. Dette skal barnevernet gjera innan ei veke frå meldinga blei motteken.

Barnevernet skal normalt gje deg ei stadfesting på at meldinga er motteken innan tre veker. Barnevernet har teieplikt, og difor får du ikkje informasjon om korleis barnevernet fylgjer opp barnet og familien.

Dersom barnevernet startar opp ei undersøking, kan det hende dei tek kontakt med deg for å få meir informasjon. Barnevernet kan også ta direkte kontakt med barnet sine foreldre, eller barnet sjølv for å få meir informasjon.

Melde frå til barnevernet

Offentleg tilsett: Alle offentleg tilsette, samt ei rekkje yrkesutøvarar med profesjonsbestemt teieplikt, uavhengig av om vedkomande arbeider i det offentlege eller i det private, har plikt til å gje opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru at:

- Eit barn blir mishandla i heimen
- Det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt
- Når eit barn har synt vedvarande alvorlege åtferdsvanskar.

Opplysningsplikta inneber ei plikt til å melde frå til barnevernstenesta på eige initiativ ved alvorleg uro, og den tilsette har eit sjølvstendig og personleg ansvar. Plikta til å gje opplysningar fell ikkje bort sjølv om vedkomande på eiga hand prøvar å hjelpe.

Opplysningsplikta etter barnevernlova går føre teieplikt etter andre lovar.

Dersom du ynskjer råd om du bør melde ei sak, kan du ringe Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark og diskutere saka anonymt.

Privatpersoner har eit moralsk ansvar for å melde frå, men ikkje et juridisk ansvar, slik offentleg tilsette har.

Dersom det, etter at barnevernstenesta har undersøkt saka, syner seg at barnet sin situasjon er mindre alvorleg enn det ein frykta, har den som ga opplysningar til barnevernstenesta likevel ikkje brote si teieplikt, så lenge vedkomande hadde grunn til å tru at barnet var i ein situasjon som utløyser opplysningsplikt.

Dersom meldinga kjem frå ein offentleg instans, skal barnevernet gje tilbakemelding om kor vidt det er opna ei undersøking. Dersom det vert oppretta undersøking, skal den offentlege instansen få ei ny tilbakemelding når undersøkinga er avslutta, med opplysningar om saken er lagt vekk, eller om barnevernet følgjer opp saka vidare.

Slik melder du frå:

«Barnevernvakten.no» har utarbeidd et [meldingsskjema](#) som du kan laste ned.

Fyll ut og send meldinga til:

Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark, postboks 34, 3836 Kviteseid
post.barnevern@vest-telemark.no, eller ring Tlf. 35 05 54 00

For kontakt til barnevernet utanom ordinær kontortid:

Ring Barnevernvakta i Grenland, Tlf. 90 05 33 04

Opplysningane er henta frå:

https://www.bufdir.no/Barnevern/Melde_fra_til_barnevernet/



Melde frå til politiet:

Vald i nære relasjonar er ikkje ei privatsak, men eit samfunnsansvar som politiet og andre hjelpeinstansar handterer. Vald i nære relasjonar omfattar all fysisk og psykisk vald og trugsmål mellom nåverande og tidlegare familie-medlemmar, og den omfattar også born som er vitne til valden. Omskjering av jenter og tvangsekteskap fell også inn under omgrepet. Nokre former for vald i nære relasjonar er direkte straffbare etter norsk lov. Andre former er krenkingar som også kan vere straffbare, avhengig av kor alvorleg det er, hyppigheit eller kontekst.

Dersom du ynskjer å melde eit straffbart tilhøve:

Kontakt politiet på telefon 02 800.

Dersom det ikkje er akutt kan du avtale tidspunkt på førehand med ein etterforskar. Når du møter til avtala, kan du ha med deg ein støtteperson, men denne personen bør ikkje vere vitne i saka.

Kontaktinformasjon:

Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark:	Tlf 35 05 54 00
Barnevernvakta i Grenland:	Tlf 90 05 33 04
Politiet:	Tlf 02800
Legevakta:	Tlf 116 117
Alarmtelefon for barn og unge:	Tlf 116 111
Krisesenteret i Telemark:	Tlf 35 50 38 00

- Du kan melde eit tilhøve sjølv om det skjedde for fleire år sidan.
- Du kan også melde frå om eit straffbart tilhøve, sjølv om det er ein annan person som er skadelidande (fornærma).
- Det er eit krav at du melder tilhøvet der som du søker staten om valdsoffer-erstatning.
- Dersom du har vore utsett for gjentakande, eller grov mishandling frå dine næraste, seksuelle overgrep, menneskehandel, kjønnslemlestelse, tvangsekteskap eller at kontakt- eller besøksforbod ikkje vert respektert, har du rett til kostnadsfri samtale hjå ein bistandsadvokat.

Opplysningane er henta frå:

<http://www.hvorlite.no/>

Andre nyttige nettstader:

<https://dinutvei.no/>

7. Planens økonomiske konsekvensar

Samordning, tverrfagleg samarbeid og kompetanseutvikling er område som ein må legge vekt på i framtida for å få naudsynete heilskaplege tilbod til valdsutsette. Einskilde tiltak utløyser ingen ekstra kostnader, eller dei vil kunne gjennomførast innanfor eksisterande rammor. Dette vil kunne skje ved å vidareføre allereie eksisterande tiltak eller omprioritere ressursar innfor ramma. Nye tiltak og tenester må ein kople opp mot gjeldande budsjett- og økonomiplanar. Desse må ein realisere innfor vedtekte rammor. Rådmann og einingsleiarar har ansvar for å innarbeide "sine" tiltak i økonomiplanar.

Ein kan vidare sakse frå Stortingsmelding 15 (2012-13)

Vista Analyse anslår at vold i nære relasjonar koster samfunnet mellom 4,5 og 6 milliarder kroner årlig. Gode voldsforebyggende tiltak vil kunne spare samfunnet for store kostnader og den voldsutsatte for store lidelser. Regjeringa legger til grunn at gode tiltak for å forebygge vold i nære relasjonar, slik at vold ikke oppstår eller gjentas, på sikt vil innebære innsparingar for både stat og kommune i form av reduserte utgifter til hjelpe- og behandlingstilbud og i politiet og domstolsapparatet. Utgifter til konkrete tiltak vil i så måte kunne betraktes som utgifter til utgiftsreduksjon.

Fleire av tiltakene som løftes fram i meldinga er knyttet til behovet for et bedre samvirke mellom ulike aktører og forvaltningsnivåer i arbeidet mot vold i nære relasjonar, både i det forebyggende arbeidet og i hjelpe- og behandlingstilbudet. Et bedre samvirke mellom ulike instanser vil også sikre en bedre samlet utnyttelse av ressursene.

Tiltakene som er omtalt i meldinga dekkes innanfor berørte departementers gjeldende budsjetttrammar. Omfang av tiltakene vil tilpassast de prioriteringar som gjerast innanfor berørte departementers gjeldende budsjetttrammar. Når det gjeldar overgrepsmottakene og tiltak for å styrke kompetanse om vold og overgrep i kommunal legevakt, vil regjeringa komme tilbake til dette i de årlige budsjettframleggene.

Såleis kan det difor sjå ut til at kommunane vil kunne få tildelt midlar til både forebyggande arbeid og kompetanseaukning.



Referansar

«Et liv uten vold», handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014-17
<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/et-liv-uten-vold/id733697/>

«En god barndom varer livet ut», tiltaksplan for å motverke vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom 2014-17
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/foa/bld_overgrep_web.pdf

”Ny veileder for kommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjoner -2013”
<http://www.nkvt.no/sites/komplan>

«Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2012-2016», Lenvik kommune
[https://lenvik.kommune.no/Global/Diverse%20dokumenter/346re%20relasjoner%202012-2016%20vedtatt%20i%20kommunestyret%20des%202011\).pdf](https://lenvik.kommune.no/Global/Diverse%20dokumenter/346re%20relasjoner%202012-2016%20vedtatt%20i%20kommunestyret%20des%202011).pdf)

St.meld. nr. 47 (2008-2009) Samhandlingsreforma — Rett behandling – på rett sted – til rett tid
<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/stmeld-nr-47-2008-2009-/id567201/?docId=STM200820090047000DDDEPIS&ch=1&q=>

Lov om kommunale krisesentertilbud
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-44>

Lov om folkehelsearbeid
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=folkehelsearbeid>

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=kommunal+helse+og+omsorg>

Lov om barneverntenester
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevern>

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10?q=forvaltningsloven>
FNs konvensjon om barnets rettigheter
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pd-fv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf

Nasjonal veiviser ved vold og overgrep: din.utvei.no
Politiet om nære relasjonar: <http://www.hvorlite.no>

Ressurssenter om vald Håndbok for helse- og omsorgspersonell ved mistanke om barnemishandling – Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging



Vinje Kommune